

## Endra opningstid på Skodje rådhus

Grunna omstillingsarbeid i kommunen har ein inntil vidare vore nøydd til å redusere opningstidene for rådhuset og sentralbordet.

Dei nye opningstidene er slik:

Måndag , tysdag, torsdag og fredag: 09.00 - 14.00

Onsdag: 10.00 - 14.00

Sentralbordet og inngangsdøra er stengt i lunsjpausen frå 11.30 - 12.00 kvar dag.

Det blir arbeidd med å finne andre løysingar som gjer at nivået på servicen til innbyggjarane vil bli betra.

### Opningstider i påska

Måndag og tysdag i påskeveka er det vanleg opningstid (09.00 - 14.00) på rådhuset.

Onsdag før skjærtorsdag (onsdag 1. april) er det stengt.

Ein del av dei tilsette tek fri desse dagane, så eventuelle møter bør vere avtalt på førehand.

Skodje kommune  
ønsker alle  
God Påske!

## Koordinerande eining med tildelingsansvar

I følgje helse- og omsorgstenesteloven §7-3 skal det vere ei koordinerande eining (KE) for habiliterings- og rehabiliteringsverksemd i kommunen. KE er no utvida ved at den har fått tildelingsansvar for tenester innan helse og omsorg. KE skal sikre at innbyggjarane i Skodje kommune får heilskaplege, fleksible og føreseielege tenester innan helse og omsorg.

Skodje kommune har valt å samle flest mogleg av tenestene og arbeidsoppgåvene innan helse og omsorg knytt til «ei dør»-prinsippet, slik at brukaren har éin plass å vende seg. Ein vil sikre tverrfagleg og heilskapeleg vurdering av søkjaren sine hjelpebehov og lik tilgang på tenester uavhengig av kvar i kommunen du bur.

Koordinerande eining skal svare på spørsmål, gje rettleiing og ta imot søknader om helse- og omsorgstenester frå brukarar, fastlege og sjukehus. KE skal ha oversikt over kva tenester som er tilgjengeleg i Skodje kommune og formidle kontakt med aktuelle einingar. I dei fleste tilfella vil utgreinga starte med eit besøk heime hos brukar.

KE er organisert direkte under assisterande rådmann, og det er tenester innan helse og omsorg som er tillagt eininga. Tenester som skal tildelast av koordinerande eining er: Brukarstyrt personleg assistanse (BPA), heimetenester som omfattar heimesjukepleie og praktisk bistand/ opplæring, tryggleiksalarm, omsorgsløn,

omsorgsbustad med heildøgns bemanning, langtids- og korttidsplass ved Skodje omsorgs-senter, avlastning, psykisk helseteneste, middagsombringning og aktivitetskontakt/ støttekontakt. Frå 15. august vert òg tenester for psykisk utviklingshemma innlemma i KE.

Opningstida for koordinerande eining er alle vekedagar frå 09.00 til 15.00. Ein kjem i kontakt med KE ved å ringe til Skodje kommune, telefon 70 24 40 00 eller ved å ringe direkte til oss (sjå telefonnummer under)

### Adresse og kontakinformasjon:

Koordinerande eining  
Rådhuset  
6260 Skodje

### Tilsette:

Camilla Almås, leiar/sakshandsamar, 476 85 015  
Marianne Sneis, sakshandsamar, 477 00 417  
Stine Løvold (i permisjon til midten av august)

## Stadnamn

Skodje formannskap handsama ulike stadnamnsaker i møte 24.02.15 (sjå saksdokument på [skodje.kommune.no](http://skodje.kommune.no)). Vedtak:

- Veg i Håhjemsvik bustadfelt: Nymarktunet
- Veg på Valle: Valleskiftet
- Veg på Valle: Vallevegen
- Veg på Glomset: Bakken
- Veg på Fylling: Peder Fyllings veg
- Område Skodje sentrum vest: Runnane
- Namn på bygd: Engsetdalen

### Klage

Etter stadnamnlova er det berre skrivemåten av stadnamn som kan påklagast, og ikkje sjølve namnevalet. Det er først og fremst lokale organisasjonar med tilknytning til namnet som har klagerett.

Klagen skal sendast til [postmottak@skodje.kommune.no](mailto:postmottak@skodje.kommune.no) eller i brev til Skodje kommune, rådhuset, 6260 Skodje. Klagefrist: 17. april 2015.

## Årets russ

Ungdom som skal delta aktivt i russefeiringa bør vurdere å vaksinere seg mot meningokokkinfeksjon.

Meningokokkane spreier seg ved kontakt- eller dråpesmitte, oftast frå personar som har bakterien i halsen. Ein kan bli alvorleg sjuk av ein slik infeksjon. Les gjerne på [www.fhi.no](http://www.fhi.no).

Vil du vaksinere deg, ta kontakt med helsestasjonen i god tid før russefeiringa tek til.

Tlf. 70 24 40 60. E-post: [mildrid.balstad@skodje.kommune.no](mailto:mildrid.balstad@skodje.kommune.no) eller [anita.sandtorv@skodje.kommune.no](mailto:anita.sandtorv@skodje.kommune.no).

### Faktura for kommunale avgifter

Skodje kommune har teke i bruk eit nytt forsystem for kommunale avgifter. I samband overgang til det nye systemet kan det oppstå feil, og vi ber difor alle som har motteke faktura for kommunale avgifter om å kontrollere fakturaen.

Dersom det er feil på fakturaen, eller du har spørsmål som gjeld **vassavgift, avløpsavgift eller feiing**, ta kontakt med Skodje kommune på tlf. 70 24 40 00.

Ved feil eller spørsmål som gjeld **avfallsgebyr og slam**, ta kontakt med ÅRIM på tlf. 70 31 41 00 eller [www.arim.no](http://www.arim.no).

### Lesestund i Gomerløa

Biblioteket markerer Friluftslivets år med lesestund for små barn i Gomerløa måndag 30. mars kl. 11.30. Vi fyrer opp bålet og les påskeforteljingar.

Velkommen!

### Biblioteket i påska

Måndag 30. mars:  
kl. 12.00 - 16.00

Tysdag 31. mars og onsdag  
1. april: Stengt.

### Neste Kommunenytt

Neste Kommunenytt kjem ca. 26. juni. Frist for innlevering til dette nummeret er 19. juni.

## Eigedomsskatt

### Bakgrunn

Skodje kommunestyre har vedteke å innføre eigedomsskatt i Skodje kommune.

Eigedomsskattelova slår fast at eigedomsskattetakstar som hovudregel skal spegle anteken omsetningsverdi ved fritt sal. (Eigedom som blir driven som gardsbruk eller skogbruk har obligatorisk fritak for eigedomsskatt - med unntak for bustadbygg, fritidsbygg og næringsbygg for anna føremål.) Eigedomsskattetaksten vil i Skodje kommune verte fastsett på to ulike måtar, avhengig av om bustaden har formuegrunnlag eller ikkje:

### Eigedomar med formuegrunnlag – ingen taksering

Kommunane kan velje å bruke den forventa marknadsverdien som Skatteetaten har fastsett på bustader/bustadeigedomar som takseringsgrunnlag. Denne verdien vert gjerne kalla formuegrunnlaget, og er eit overslag på bustaden sin marknadsverdi, rekna ut frå areal, byggeår, bustadtype, plassering og opplysningar om omsette bustader i kommunen. Kommunestyret har vedteke at formuegrunnlaget skal brukast som grunnlag for eigedomsskatt for alle bustader/bustadeigedomar (primærbustad) som har dette. Desse vil altså ikkje bli takserte av kommunen.

### Eigedomar utan formuegrunnlag - skal takserast av Skodje kommune

Fritidseigedomar, næringsseigedomar, og bustader/bustadeigedomar som Skatteetaten ikkje har registrert formuegrunnlag for, skal takserast av kommunen.

Taksten byggjer på faktaopplysningar om eigar, adresse, areal osb. frå offentlege register, i tillegg til skjønsmessige vurderingar.

### Synfaring

For dei eigedomane som skal takserast av Skodje kommune (sjå avsnittet over) vert det gjennomført ei utvendig synfaring for å bli kjent med tilhøve på og rundt eigedommen som kan innverke på taksten. Som ein del av takseringsarbeidet vil det bli teke minst eitt utvendig foto av kvart objekt. Dei fleste av eigedomane som skal takserast av kommunen, vil bli synfarte vårparten 2015.

Dersom eigar av eigedom ønskjer å delta eller ønskjer å melde om tilhøve ved eigedommen som kan påverka taksten, kan dette meldast på telefon 930 63 256 (mellom kl. 9.00 og 15.00 måndag-fredag) eller e-post [eaarl@broadpark.no](mailto:eaarl@broadpark.no) (takseringsfirma Jeessaa AS ved Eivind Aarland). Hugs å gje opp telefonnummer slik at vi kan kontakte deg for nærare avtale.

### Kontaktinformasjon

Dersom du har spørsmål kan du kontakte oss på e-post [regine.bruteig@skodje.kommune.no](mailto:regine.bruteig@skodje.kommune.no), eller telefon 70 24 40 00. Brev sender du til Skodje kommune, rådhuset, 6260 Skodje.

Hugs å oppgje namn på eigedommen (gnr./bnr./festenr./seksjonsnr.), ev. adresse, namn på eigar/ eigarrepresentant, og telefonnummer eller epost-adresse.

For meir informasjon, sjå [www.skodje.kommune.no/eigedomsskatt](http://www.skodje.kommune.no/eigedomsskatt)



## Dette skjer

### Skodje Frivillige Aktivitetssenter

er eit nylig oppstarta frivillig lag. Vi held til i det gamle lokalet til Frisklivs-sentralen, i det same bygget som Skodje brannstasjon.

Noko som vi ønskjer å setje i gang med er eldrekafé, trim for alle, strikkekafé, ungdomsgruppe/ungdomsklubb og ein herreklubb (kafé). Vi vil også vere aktive med å lage til aktivitetar på Skodje omsorgssenter.

Ønskjer du å arbeide frivillig? Vi treng fleire personar som kan hjelpe til med å gjennomføre og lage gode tilbod til innbyggjarane i Skodje kommune. Alle kan hjelpe til, uansett alder.

Dersom du ønskjer å hjelpe, har du også høve til å setje opp ditt eige tilbod eller aktivitet.

Ta kontakt med Rigmor Berg på telefon 95 40 69 04 dersom du kan tenkje deg å vere frivillig, eller dersom du har spørsmål.

"Kommunenyt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor.  
Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



## SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35  
[postmottak@skodje.kommune.no](mailto:postmottak@skodje.kommune.no) | [www.skodje.kommune.no](http://www.skodje.kommune.no)